



SELJE KOMMUNE

Kommunestyret

Møtebok

Møtedato: 31.03.2016 **Møtetid:** Kl. 14:00 – 20:45

Møtested: Bygget til SparebankenVest i Selje **Saksnr.:** 007/16 - 013/16

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal, Raymond Myren.

TP: Jan Vidar Smenes, Gunnar Silden, Judith Kvåle, Terje Ødegård, Andreas Rundereim.

FRP: Anfinn Sjøstad, Anne Lise Drage (gjekk etter handsaming av sak 12/16).

SP: Gunn Sande, Kjetil Friberg.

UAVH: Veronica Hatlenes

H: Geir Årvik

Følgjande medlemmer møtte ikkje

FRP: Marita Aarvik, Svein Hansen

H: Kenneth Brandal

AP: Åge Lundebrekke

Alle hadde gjeve melding om forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

FRP: Jarle Teige, Rune Hovden

H: Kjetil Vetrhus

AP: Per Egil Hellebust

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten og rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

17 voterande

Møtet starta med orientering v/leiar Nordfjord sjukehus Tone Holvik.

Framlegg frå FRP v/Anfinn Sjøstad om å ta opp fylgjande sak som tilleggsak :

Sak 13/16 Visualisering av prosjektet – Massene frå Stad Skipstunnel

Kommunestyret vedtok å handsame saka: 15røyster for og 2 mot

Sakene vart handsama etter fylgande rekkefølge:

Sak 7/16, 8/16, 12/16, 13/16, 9/16, 10/16, 11/16.

16 voterande etter handsaming av sak 13/16.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
007/16	Godkjenning av møtebok
008/16	Referatsaker
009/16	Investeringsbudsjett for Nordfjordnett 2016
010/16	Investering - Tildeling av TIK-midler 2016
011/16	Seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar - Organisering og finansiering av hjelpetilbod
012/16	Plassering av masse - Stad Skipstunnel
013/16	Visualisering av prosjektet - Massene frå Stad Skipstunnel

Tilleggsaker: 013/16

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur:_____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	31.03.2016	007/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/193
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 11.02.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.03.2016	Møtebok KS 11.02.16. Off..pdf	74448

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

17 voterande

KS-007/16 VEDTAK

Møteboka frå møte 11.02.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	31.03.2016	008/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/192
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	16/1203	I	17.03.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - godkjenning av budsjett 2016
2	16/1306	X	22.03.2016		Referat - Lokal styringsgruppe Kommunereform 17.03.16

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 15 røyster for og 2 røyster mot.

KS-008/16 VEDTAK

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.03.2016	013/16
Kommunestyret	31.03.2016	009/16

Sakshandsamar Geir Kvisten	Arkiv FE-150	Arkivsak 15/424
-------------------------------	-----------------	--------------------

Investeringsbudsjett for Nordfjordnett 2016

Saka gjeld

På grunn av personellsituasjonen i Nordfjordnett vart ikkje investeringsbudsjettet med i den ordinære behandlinga av årsbudsjett for 2016 i dei fleste av medlemskommunane. Saka vert derfor no lagt fram til politisk behandling.

Opplysningar til saka

I budsjettframlegget er det lagt inn midlar til å bytte det sentrale lagringssystemet til kommunane. Grunnen er at systemet vi i dag har er ustabil og hadde to svært alvorlege driftsstans i 2015. Ved begge høva var det reell fare for at alle dataløysingane våre kunne bli nede i mange dagar/veker. Til alt hell stoppa system opp i to helger og ved hjelp av stor innsats frå 5-7 tilsette i Nordfjordnett var mange av systema oppe att til måndag. I etterkant av stansen kom det svært mange hendingar til brukarstøtte i Nordfjordnett. Det kom inn 100 meldingar, meir enn tre gongar meir enn normalt. Det tok Nordfjordnett ei veke for å få alle systema opp att.

Lagringssystemet kommunen nyttar i dag var i sin tid kjøpt inn av Hornindal kommune. Systemet er gammalt og det er ikkje eit spørsmål om det kjem fleire stans, men når desse stansane kjem. Det er ikkje sikkert vi får systema opp innan 1 veke neste gong. Slik sett er det svært viktig for alle kommunane at lagringssystemet vert skifta i 2016.

Då Nordfjordnett vart oppretta, vart det bestemt at det skulle etablerast eit reservedatasenter på Nordfjordeid og setje dette i drift. Dette reservesenteret var med i tilbodspakken frå Vågsøy og Eid då dei vann tilbodet om lokalisering av Nordfjordnett. Denne investeringa, saman med investeringar som Eid og Vågsøy kommune gjer og har gjort, fører til at reservedatasenteret kan etablerast i 2016.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Dei planlagte investeringa er på kr 7.176.000. Denne summen vert fordelt etter Nordfjordnøkkelen med 25% av kostnadene fordelt likt mellom kommunane og 75% av kostnadene fordelt etter folketal. For Selje kommune utgjer investeringa ca.kr 712 000,-.

Samla oversikt over fordeling av investeringane per kommune:

SUM	Folketal	Hornindal	Eid	Gloppen	Stryn	Bremanger	Vågsøy	Selje
Folketal	32 730	1 200	6 015	5 784	7 065	3 846	6 046	2 774
	7 176 000	453 609	1 245 370	1 207 385	1 418 028	888 708	1 250 468	712 432

Sakshandsamar si vurdering

Dei planlagte investeringane er på kr 7.176.000 som gir kommunane eit nytt, moderne lagringssystem i datasenteret i Måløy med ei tilsvarende løysing i reservesenteret på Nordfjordeid. På denne måten er kommunane sikra stabil drift av ikt-løysingane våre framover.

Rådmannen vurderer at risikoen for at dagens løysing feilar, med dei følgjene dette får for kommunal drift, er så stor at noko må gjerast no. Eg vil difor tilrå at Selje kommune løyver kr 712 000,- på investeringsbudsjettet for 2016 til desse heilt nødvendige investeringane i Nordfjordnett.

I rådmannsgruppa i Nordfjord har det vore reist spørsmål om alternative løysingar for reservedatasenteret, t.d. å setje ut dette til andre aktørar. Ei slik løysing er eit brot på inngått avtale om drift av Nordfjordnett. Eid kommune legg i samsvar med tilbodet på etablering og drift av Nordfjordnett dei første fem åra til rette for reservedatasenteret. Dersom nokon av avtalepartane no hoppar av denne delen av avtalen blir Eid kommune skadelidande, og vil etter rådmannen sitt syn ha krav på erstatning. Det vil i så fall ikkje vere noko god sak for Nordfjord-samarbeidet.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret vedtar å auke investeringsbudsjettet med 712 000 kroner til nødvendige investeringar i Nordfjordnett. Investeringen finansieres ved nytt låneopptak.

Rådmannen gis fullmakt til å ta opp lån etter gjeldende retningslinjer, og å foreta nødvendige budsjettendringar. Det tas forbehold om Fylkesmannens godkjenning av låneopptaket.

Handsaming i Formannskapet - 17.03.2016

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-013/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

16 voterande

Framlegg frå TP:

Ønsker saka utsett inntil kommunestyret er informert om avtalen.

Røysting:

Framlegg frå TP fekk 16 røyster for. Samrøystes.

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

KS-009/16 VEDTAK

Ønsker saka utsett inntil kommunestyret er informert om avtalen.

Samrøystes.

Utskrift til: Rådmann



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.03.2016	014/16
Kommunestyret	31.03.2016	010/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-150	15/424

Investering - Tildeling av TIK-midler 2016

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
16	I	17.03.2016	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - godkjenning av budsjett 2016

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.02.2016 13:26:28	Tildeling midlar 2016 - Trafikktryggingstiltak i kommunane	73631
08.03.2016	Vedlegg	73632

Opplysningar til saka

Selje kommune har for 2016 fått tildelt såkalte TIK midler – trafikktryggingstiltak i kommunane – på 360 000 kroner. Tilskuddet er gitt til opparbeiding av parkeringsplass ved Flatraket skole. Totalrammen på prosjektet er 600 000 kroner. Det forutsettes derfor at kommunen finansierer de resterende 240 000 kronene av prosjektet.

I henhold til regelverket ved slike tildelinger, blir tilskuddet utbetalt på grunnlag av melding fra kommunen om at prosjektet/tiltaket er gjennomført. Fristen for dette er 30. november, og det skal også vedlegges et revisorgodkjent regnskap med ferdigmeldingen.

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune har ingen ubrukte lånemidler tilgjengelig til ytterligere investeringer, utover det som allerede er vedtatt i investeringsbudsjettet for 2016. Kommunen har heller ingen midler på investeringsfond. Videre har kommunen en lang rekke med investeringsbehov, som til sammen utgjør mange millioner kroner. Rådmannen er derfor av den oppfatning at dette prosjektet ikke bør prioriteres nå, gitt kommunens finansielle stilling.

Saksgang

Endelig vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Prosjektet opparbeiding av parkeringsplass ved Flatraket skole igangsettes ikke i 2016. Statens vegvesen gis beskjed om at de tildelte TIK-midlene for 2016 ikke vil bli benyttet av Selje kommune.

Handsaming i Formannskapet - 17.03.2016

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-014/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

16 voterande

Framlegg frå SP :

Selje kommune ventar til etter 1. tertialrapportering med å gje tilbakemelding om innvilga TIK-midlar frå fylket.

Røysting:

Framlegg frå SP fekk 14 røyster for og 2 mot.

Framlegg frå Formannskapet fekk 2 røyster for og 14 mot.

KS-010/16 VEDTAK

Selje kommune ventar til etter 1. tertialrapportering med å gje tilbakemelding om innvilga TIK-midlar frå fylket.

Utskrift til:

Leiar Kommunalteknikk



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.03.2016	015/16
Kommunestyret	31.03.2016	011/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-145	15/137

Seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar - Organisering og finansiering av hjelpetilbod

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	11.02.2015	Høyringsmottakarar	Plan og rutinar Vald i nære relasjonar, Selje kommune - intern høyring

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.03.2016	Handlingsplan Vald i nære relasjonar Selje - 09022015 for høyring Sjumilssteget.docx	62940

Saka gjeld

Organisering og finansiering av overgreps-/valdsmottak i Sogn og Fjordane frå 2016.

Opplysningar til saka

Med bakgrunn i Stortingsmelding nr.15 (2012-2013) «Forebyggelse og bekjempelse av vold i nære relasjoner», vart det gjort vedtak i Stortinget i mai 2014 om at helseføretaka skulle ta over ansvaret for SO-saker (seksuelle overgrep), medan kommunane ved legevaktene skulle ha ansvaret for VNR(Vald i nære relasjonar). Intensjonen med reforma var å skape eit robust og likeverdig tilbod for overgrepsutsette menneske i heile landet, uavhengig av bustad.

Helse Førde og SYS-IKL har, i samråd med Fylkesstyret i KS, kome med eit framlegg til ein modell der undersøking og oppfølging av **både** SO og VNR i fylket vert drifta av SYS- IKL frå 2016. Utgiftene vert delte mellom kommunane og helseføretaket etter estimerte tal på saker for dei ulike pasientgruppene.

Kvar kommune må no ta stilling til følgjande:

- om dei vil sentralisere VNR til SYS-IKL
- dersom ja, om dei vil godta den føreslegne organiserings-
/kostnadsfordelingsmodellen for både SO- og VNR-saker.

Saksopplysningar:

I 2012 gjorde kommunestyret i Selje vedtak om å slutte seg til eit felles SO-mottak frå 2013 for alle kommunane i fylket, knytt til Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt. Frå 01.01.16 har Helse Førde det heile og fulle ansvaret for dette hjelpetilbodet.

Når det gjeld hjelpetilbodet i VNR-saker, er det kommunane som har hatt, og som framleis skal ha, ansvaret. Dei lokale legevaktene og Nordfjord legevakt (og lokalt politi) handterer akuttsakene, og heimkommunane har ansvaret for vidare psykososial støtte og fagleg oppfølging. Mange reiser også direkte til krisesenteret i Florø. Nordfjordkommunane har ikkje oversyn over omfang og tal på desse sakene.

I den nye akuttmedisinforskrifta (2015) står det at legevaktslegar og personell innan 5 år må skaffe seg ein viss grunnkompetanse innan VNR, ved å gjennomføre eit 4-timars e-læringskurs innan feltet. Dette kurset gjev ei innføring i problematikken, men inga opplæring i sentrale moment og krav til t.d. tryggleiksvurdering og handtering/oppfølging av overgrepsutsette menneske.

Uansett kjøp av tenester hos SYS-IKL må legar i legevakt tileigne seg ein viss formell grunnkompetanse. Det er dei som i første omgang tek imot pasientane, oftast i samarbeid med politiet. Det er særskilt viktig å avklare og synleggjere ansvaret og oppgåvene til både politi og helsepersonell, for å kunne sikre både helsa og rettstryggleiken til pasientane i slike akutte situasjonar.

Sakshandsamar si vurdering

Organisatoriske og faglege vurderingar:

Når det gjeld seksuelle overgrep - og vald i nære relasjonar som omfattar seksuelle overgrep, må det igjen understrekast at det er helseføretaket som har ansvaret for mottak, behandling og oppfølging av pasientane. Media har framstilt kommunane som ansvarlege for at «overgrepsmottaket» i Førde evt. kan bli lagt ned, og at dei som er utsette for seksuelle overgrep ikkje vil få forsvarleg hjelp. Desse pasientane er - uansett organiseringsmodell - Helse Førde sitt ansvar.

I 2014 har Selje kommune arbeida med ein handlingsplan som gjeld VNR. Denne skisserer spørsmål om forebygging, oppdaging/avdekking og korleis kommunen skal handtere konkrete situasjonar som vert avdekkja. På dette området er det store «mørketal» VNR skjer i stor grad i den private sfæren. Barn, kvinner og menn er utsatt og det gjeld vaksne i alle aldrer. Det skjulte VNR området gjeld i stor grad truslar, trakassering, mobbing, maktbruk og i sjeldnare tilfelle valdsutøving. Selje kommune sin handlingsplan fokuserer på desse sidene og korleis vi sjølv skal handtere denne problematikken. Av eksterne ressursar er omtala krisesenter, politi og legevakt.

I kommunen er denne handlingsplanen ikkje vedteken og sett i aktivitet grunna ressursmangel i 2015. Administrasjonen og fagpersonane som er meir direkte involvert har hatt manglande kapasitet til å setje inn ekstra merksemd på dette feltet. Det betyr ikkje at det er neglisjert på

noko måte, men at den ekstra innsatsen vi er oppmoda å setje inn på feltet frå statleg hald ikkje fullgodt ivaretatt.

Som kjendt står kommunen i vanskelege prioriteringsdilemma for tida. Vi må vere sikker på å nytte knappe ressursar på rett stad og der effekten truleg vil vere størst. Rådmannen er usikker på om det er å overføre pengar til eit senter i Førde.

Under viser kostnader og kostnadsfordeling ved alternativet Førde.

Total kostnad		2 675 940
15 saker - kostnad Helse Førde		1 003 478
25 saker - kostnad kommunane		1 672 463
kontroll		2 675 940
25% fordelt likt på kommunane		418 116
75% fordelt etter folketal		1 254 347
1 672 463		
Folketal pr 01 01 15 Sogn og Fjordane	Kostand pr kommune pr år	kostnad pr kommune pr mnd
1401 Flora	11862	155 222
1411 Gulen	2335	43 987
1412 Solund	800	26 065
1413 Hyllestad	1405	33 129
1416 Høyanger	4169	65 401
1417 Vik	2678	47 992
1418Balestrand	1304	31 950
1419 Leikanger	2276	43 299
1420 Sogndal	7677	106 359
1422 Lærdal	2146	41 781
1424 Årdal	5429	80 112
1426 Luster	5118	76 481
1428 Askvoll	3008	51 845
1429 Fjaler	2823	49 685
1430 Gaular	2960	51 285
1431 Jølster	3026	52 055
1432 Førde	12801	166 186
1433 Naustdal	2777	49 148
1438Bremange	3890	62 143
1439 Vågsøy	6082	87 736
1441 Selje	2752	48 856
1443 Eid	5987	86 627
1444 Hornindal	1221	30 981
1445 Gloppen	5751	83 872
1449 Stryn	7155	100 264
107432	1 672 463	139 372

Kostnadene er som ein ser avgrensa for selje kommune sin del. Men nærare 50.000,- vil bidra til at vi kan skulere og gje tid til eigne tilsette og samarbeid lokalt. Vi er også i stadig større grad blitt van med å måtte ta ansvar for beredskap lokalt og må då også sikre kompetanse til å handtere lokale saker lokalt. Statistisk vil vi nytte eit mottak i Førde svært sjeldan og i ei ROS betraktning kan denne overføringa vere vanskeleg å forsvare i høve andre grupper.

Rådmannen er kjent med framlegg til vedtak i sak til Fylkesmøtet i KS (vedlegg). Vi vert her tilrådde å slutte seg til den felles ordninga i Førde. Rådmannen meiner likevel at Selje er i ein litt spesiell posisjon pga vanskelege økonomiske prioriteringar, avstand til Førde og det faktum at vi har gjennomført ein brei prosess med tanke på å handtere VNR.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Selje kommune ikkje deltek i eit samarbeid om eit felles «overgrepsmottak» i Førde som også inkluderar kommunalt ansvar for VNR.

Midlar avsett til føremålet vert nytta for å implimentere lokal handlingsplan VNR.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune deltek ikkje i samarbeid med felles mottak for VNR i Førde.

Handsaming i Formannskapet - 17.03.2016

7 voterande

Framlegg frå KRF:

- 1.Selje kommune sluttar seg til ei felles løysing i Sogn og Fjordane av drift av overgreps- og valdsmottak ved SYS-IKL, lokalisert til Førde. Ordninga skal førebels gjelde for 2016.
- 2.Tilskotet for 2016, kr. 48 856,- skal dekkjast over ansvar, teneste.
- 3.Kommunestyret syner til vedlagt notat frå Kommunalsjefnettverket for helse- og omsorgstenester i Nordfjord om mulig samarbeid mellom kommunane i Nordfjord om ei lokal løysing for å yte hjelp til valdsutsette /VNR-tilbod) knytt til fastlegane i Nordfjord, Nordfjord Legevakt, Nordfjord sjukehus og Nordfjord Psykiatrisenter.. Kommunestyret ber om at ei slik felles løysing vert utgreia vidare med sikte på mulig etablering frå 2017.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for.

Framlegg frå KRF fekk 1 røyst for.

FS-015/16 FRAMLEGG

Som tilrådinga administrasjonen

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

16 voterande

Framlegg frå KRF:

- 1.Selje kommune sluttar seg til ei felles løysing i Sogn og Fjordane av drift av overgreps- og valdsmottak ved SYS-IKL, lokalisert i Førde. Ordninga skal førebels gjelde for 2016.
- 2.Tilskotet for 2016, kr. 48856,- skal dekkjast over ansvar... teneste...
- 3.Kommunestyret syner til vedlagt notat frå kommunalsjefnettverket for helse- og omsorgstenester i Nordfjord om mogleg samarbeid mellom kommunane i Nordfjord om ei lokal løysing for å yte hjelp til valdsutsette/VNR-tilbod knytt til fastlegane i Nordfjord, Nordfjord legevakt, Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter.
Kommunestyret ber om at ei slik felles løysing vert utgreia vidare med sikte på mogleg etablering frå 2017, samt at denne felles løysinga ikkje hindrar ei mogeleg etablering av ein barnehusfunksjon i Sogn og Fjordane.

Framlegg frå SP og TP:

Selje kommune deltek ikkje i samarbeidet med felles mottak for VNR i Førde.

Selje kommune vil auke kompetansen i eigen organisasjon for betre å stå rusta til å gjennomføre handlingsplan Vald i nære relasjonar i Selje.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 16 røyster mot.

Framlegg frå KRF fekk 2 røyster for og 14 røyster mot.

Framlegg frå SP og TP fekk 14 røyster for og 2 røyster mot.

KS-011/16 VEDTAK

Selje kommune deltek ikkje i samarbeidet med felles mottak for VNR i Førde.

Selje kommune vil auke kompetansen i eigen organisasjon for betre å stå rusta til å gjennomføre handlingsplan Vald i nære relasjonar i Selje.

Utskrift til:

Kommunane i Nordfjord

Helse Førde

Leiar Familie og velferd



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.03.2016	017/16
Kommunestyret	31.03.2016	012/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-Q64	15/75

Plassering av masse - Stad Skipstunnel

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
38	I	05.04.2016	Bjarne Myrstad / Olav Lesto	Mange blir hardt råka av skipstunnel

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.03.2016	Tiltak som krev masse frå Stad skipstunnel..xlsx	74366
18.03.2016	Utkast til KU-utgreiing masseplassering Stad skipstunnel datert 03 03 16.docx	74367
08.03.2016	Synergiplan.pdf	74089
21.03.2016	Mal for KU- utgreiingar.pdf	74437

Opplysningar til saka

Planprogrammet for områderegeringsplan for Stad skipstunnel, vart vedteke av Selje kommunestyre i sak 90/15.

26. januar i år var det oppstartmøte for reguleringsplanen mellom Kystverket, Asplan Viak og Selje kommune. Asplan Viak er utførande konsulent for planarbeidet.

Planframlegget skal vere klart i slutten av november/starten av desember 2016, og klart til handsaming i planutvalet (formannskapet) i januar 2017. Planutvalet sender deretter framlegget ut på offentleg høyring. Etter høyring skal planframlegget igjen handsamast av planutvalet, og deretter til kommunestyret for vedtak om godkjenning av reguleringsplanen.

I saksutreiinga nedanfor vil vi konsentrere oss om plassering av overskotsmasse frå skipstunnelen.

I planprogrammet finn vi fylgjande om dette tema:

Prosjektspesifikke mål (nr 5)

Mål:	Massehandtering kan skje mest mogleg rasjonelt med minst mogleg negative konsekvensar for miljø og samfunn.
Grunngjeving:	Bygging av Stad skipstunnel vil generere eit svært stort masseoverskot. Det vil vere trong for å regulere areal for mellombels og/eller permanent deponi for massar. Det er viktig at dette vert gjort slik at miljø og samfunn ikkje vert varig belasta.

Massehandtering

Det skal takast ut 3 mill. m³ faste fjellmassar som tilsvarer over 5 mill. m³ sprengt fjell. Ein liten del av tunnelmassane vil verte nytta til å etablere støttekai m.m. ved tunnelmunningane. Resten av massene må transporterast vekk til andre anlegg eller deponerast i nærområdet. Bygging av tunnelen vert mest rasjonell om tunnel vert driven frå begge sider. Det vil i så fall vere behov for massehandtering / deponi i begge fjordane.

Tre prinsipielt ulike alternativ for massehandtering skal vurderast:

1. Borttransport av alle tunnelmassane
2. Midlertidige massedeponi
3. Permanente massedeponi i Moldefjorden og/eller Kjødepollen

Alternativ 1 – borttransport av alle tunnelmassane

Alle massane vert lasta på lekter og transporterte til fyllingar for nye byggeområde / tiltak. Kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven har sett i gang prosessar for å avklare bruk av massane.

Det vil vere behov å etablere anleggsområde utanfor tunnelmunningane for mellomlagring av stein og etablering av midlertidige kaiar for utskiping. Plassering og omfang av desse vert vurdert som ein del av planprosessen.

Alternativ 2 – midlertidige massedeponi

Bruk av massane i tilstøytane kommunar krev planavklaringar og løyve. Om ikkje alle dei permanente utfyllingsområda er klare til å ta i mot massane etter kvart som tunnelen vert driven, er det naudsynt med midlertidige massedeponi ved skipstunnelen.

I gjeldande plan er det regulert to kunstige holmar ved Eidsstranda i Moldefjorden. Desse har kapasitet til å ta unna om lag halvparten av tunnelmassane. Holmane kan fungere som midlertidige deponi, der kommunen tek ut stein etter behov. I Kjødepollen er det ikkje regulert massedeponi i gjeldande plan.

Eit midlertidig deponi kan også leggest under vassflata, slik at det ikkje er synleg, og gravast opp etter behov.

Plassering og omfang av midlertidige deponi vert vurdert som ein del av planprosessen.

Alternativ 3 – permanent massedeponi

Tunnelmassane kan dumpast på fjordbotn. Fyller ein opptil ca kote -30 innanfor tersklane både i Moldefjorden og Kjødepollen vil det gje plass til alle tunnelmassane.

Eit alternativ til å dumpe massane på botn av Moldefjorden er å etablere nytt land på fyllingar. I gjeldande plan var dei regulerte holmane tenkt som permanent massedeponi som skulle gjerast om til friområde når anlegget var ferdig. Kjødepollen er trongare og ein ser ikkje for seg eit omfattande permanent synleg massedeponi her.

Møte på Selje hotel 10.02.2015

Tunnelmasser v/ Terje Andreassen:

- Vanleg at kommunen eller kommuner i nærleiken får hand om massene
- Verdien vert rekna inn i SØA og gir samfunnsøkonomisk nytte
- Riggområde og massedeponi for tiltaket må inn i reguleringsplanen
- Eventuell regulering av nytt næringsområde i tilknytning til anlegget kan dekkast av Kystverket dersom området kan nyttast til riggområde
- Riggområder må vere nær - på begge sider av innslaget
- Kan ta ut ulike fraksjoner i fjellet med blokker opptil 20 -30 t. Store blokker kan nyttast til moloar og liknande, i verharde strøk.
- Kommunane har ansvar for arealplanlegging for bruk av masser og infrastruktur

Arealdel og regulering av aktuelle områder for masseplassering.

Sakshandsamar har fått opplyst frå Kystverket at det er ein fordel at reguleringsarbeidet for områder valt til masseplassering er ferdig samtidig med ferdigstilling av av reguleringsplanen til tunnelen. Kystverket forstår at dette er vanskeleg å få til, men forventar at vi gjer ein del førearbeid til reguleringsplanene som gir klare føringar på at områda er tilgjengelege og eigna for tiltaket. Dette kan vere:

- Avtale med grunneigarane
- Geotekniske undersøkingar
- Infrastruktur
- Miljø

Kommunen vil få dette nærmare presisert

Prosess vidare :

17/3: Formannskapet kjem med tilråding om prioriterte områder til masseplassering.

31.3: Kommunestyret handsamar formannskapet sin tilråding. Vedtaket i kommunestyret vert ein del av saksgrunnlaget i arbeidet med ny arealdel.

April/mai: Arealdelen vert sent ut på høyring. Vi må då vere førebudde på innspel som og kan omhandle områda for masseplassering.

Innsamling av innspel for eigna områder til masseplassering:

Synnergigruppe – vedtak i Selje kommunestyre sak 84/15

Det vart sett ned eit fast utval bestående av tre kommunestyrerepresentantar. (Anfinn Sjøstad - leiar, Judith Kvåle- nestleiar og Gunnar Silden- medlem)

Arbeidsoppgåve:

- Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane med tanke på synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc. vert ivaretekne og utnytta.
- Utvalet skal legge fram ein grovplan for bruken av massen frå Stad Skipstunnel for Selje kommune.

Synnergigruppa presenterte første utkast til formannskapet 28.01.2016. Følgjande større prosjekt er direkte knytta til massebruk frå Stad skipstunnel.

- Fleirbrukshamn på Stadlandet
- Ny hurtigbåtterminal /Kai i Moldefjorden
- Næringspark på Årsheim
- Industriområde i Moldefjorden
- FV 620-Sandvik- Kjøde

Folkemøte og direkte innspel pr post /eppost.

I samband med kommuneplanen sin arealdel har vi fått inn mange forslag / innspel til utbyggingsområder (industriareal, turistverksemd, kaier, moloer, småbåthamner, der ein forventar å få nytte overskotsmasser frå tunnelen. Forslaga er lista opp i vedlegg til saka.

Tilbakemeldingar frå medlemmar i planutvalet etter møtet den 25.02.16:

Vi har fått tilbakemelding frå Marita Årvik FRP, Gunn Sande SP og TVP v/ Jan Vidar Smenes.

I tilbakemeldingane finn vi ønske om å satse på:

- Prosjektet Berstad, næring og/ landbasert oppdrett, i litt redusert omfang
- Prosjektet Næringspark på Årsheim, men i noko mindre omfang. Grunneigarane er positive.
- Landbrukseigedom på Eide nær tunnelinnslag. Landbruksarealet vert forringa og det er rett å gjere avbøtande tiltak, men i mindre omfang enn forslaget.
- Hurtigbåtterminal på på Krakereid, (merka med A hos Nordplan).
- Utviding ved Pelagia (Fiskevegn)
- Utviding av areal ved Fiskevegn på Flatraket.
- Fleirbrukskaia på Leikanger- i litt redusert omfang.

Bakgrunn for vurdering:

Administrasjonen har vurdert forslaga ut i frå konsekvensutgreiing frå Nordplan AS, drøftingar og tilbakemeldingar i planutvalet, innspel frå synnergigruppe valt av kommunestyret, planprogram og kystveket sine krav.

Kriteria vi har lagt til grunn er:

- Massehandtering må skje mest mogleg rasjonelt med minst mogleg negative konsekvensar for miljø og samfunn.
- Transportlengde må ikkje overstige 10 nautiske mil (2 t)
- Samfunnsnytteverdi
- Infrastruktur på plass eller relativt lett å få på plass.

Konsekvensutgreiingane (KU)

Dei aktuelle tiltaka er konsekvensutgreia. Det vil seie at faste tema innanfor miljø og samfunn er vurderte frå ein skala frå -3 til +3. Dette seier noko om i kor stort omfang eit tiltak påverkar området innafor nokre fastlagde tema. Slike tema er jordvern, naturmangfald, kulturminne, teknisk infrastruktur m.fl. I vurderinga vert det nytta fleire databaser.

I tillegg er det gjennomført **ROS –analyse** (risiko - og sårbarheitsanalyse)

Klassifiseringa her er delt inn i gult – ikkje signifikant risiko, grønt - akseptabel risiko og raudt -uakseptabel risiko.

Dersom eit tiltak får raud farge, må risikoreduserande tiltak gjennomførast, dersom ein skal få godkjenning til utbygging.

Sjå meir om KU og ROS i vedlegg.

NB! Merka område i karta under er ikkje nøyktige.

Konklusjon (tilfeldig nummerert)

1. Selje, Krakereid – Hammersvik:

Ny kai, hurtigbåtterminal, småbåthamn i samband med skipstunnelen



Konklusjon:

I KU utgreiingane får dette prosjektet -1 på jordvern og landskap. Naturmangfald får – 2 der ein finn artar med forvaltningsinteresser. Må og ta med + 2 på nærmiljø og friluftsliv.

Samfunn – positive verdiar.

ROS analysen viser gult vedk. Hammerselva.

Det blir rådd til å gå vidare med område A ut frå at dette har størst potensiale for vidare utvikling for kommunen m.o.t utnytting av etablert infrastruktur, etablering av nye nærings- og bustadareal, kollektivsystem og g-/s-vegar. Med nærleiken til sentrums tenestetilbod, skule, barnehage og andre tenester vil tiltaket bidra positivt til å styrke kommunesenteret. Positivt også for turisme, campingplass tett ved.

I dette område er det aktivt landbruk. Eigar ønskjer å drive vidare og ein må tilpasse tilkomstveg og etablering av anlegg i forhold til dette.

Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan.

2. Større tiltak i Moldefjorden

Det er stor semje om å få på plass eit større område i Moldefjorden som stettar kravet frå Kystverket om rasjonell massehandtering og med minst mogleg negative konsekvensar for miljø og samfunn.

Samtidig skal tiltaket ha samfunnsnytteverdi med tilrettelegging for industri og nye arbeidsplassar. Det er då to områder som peikar seg ut:

- Berstad, næring og /landbasert oppdrett og
- Lesto- Eide , Næring /industri

a) Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ 2a.



I KU utgreiingane får dette prosjektet med unnatak av landskap (-2/-3), verdiar som ligg mellom -1 og +1, som er samanfallande med middels negativt til middels positivt omfang.

ROS analysen viser raudt på naturrisiko. I dette tilfelle fareområde for snø-,jord- og flomskred.

Positivt:

Tiltaket gir mulighet til nye næringer.

Sentralt i forhold til skipsleia og andre kommunikasjonar..

Arealet ligg nær tunnelinnslaget og gir kort veg for mottak av massar som gir svært kort

transportveg, og mulighet for rask etablering av næringsområdet. Tilrettelegging for nye arbeidsplassar og der i gjennom auka tilflytting som er i tråd med kommunens strategi.

Negativt:

Planering og nedbygging av ca 650 m strandlinje. Bebuarar mister tilgang til strand og sjø. Miljømessig så kan utfylling og endring av sjøforholda m.o.t straumforhold knytt til skipstunnelen og elles i Moldefjorden påverke laksefiske i Berstadelva og elveoslandskapet. Utfyllingstiltaket vil også kunne påverke Øyarelva.

Arelalet er skredutsett og det må gjerast nærare undersøkingar i reguleringssamanheng. Det same gjeld for miljøundersøkingar i dei to elvane og i sjøbotn.

b) Lesto- Eide, alternativ 2b

I KU får dette prosjektet med unnatak av landskap (-1/-2), verdiar som ligg mellom 0 og +1, som er samanfallande med lite til middels positivt omfang.

Det er litt høgre verdiar på samfunn. Dette har sin bakgrunn m.a i at dette området vart det og vurdert hurtigbåtkai. Det er no forslag om å flytte hurtigbåtterminal nærmare Selje sentrum.



ROS analysen viser raudt på naturrisiko. I dette tilfelle fareområde for snø-,jord- og flomskred

Frå Lestovika til Havavika ligg fylkesvegen nær strandsona som er fri for bygningar. Bratt fjellparti med urer. Ved Eidsneset utvidare arealet seg til ei landtunge som omfattar fire tun og nokre naust i strandsona. Arealet består hovudsakleg av dyrka mark.

Nærleik til tunnelpåhogget og kort veg for flytting av masser tilseier at dette er eit godt eigna område for etablering av næringsareal,

småbåthamn og utfylling for å vinne meir landbruksareal om ønskjeleg.

Næringsarealet bør avgrensast ved Slagarura og omfatte område frå Havavika og om lag 5-600 meter nord-vestover. Her er det ingen bebyggelse ein kan kome i konflikt med. Skredfare må undersøkjast og ev. tiltak vurderast. Det bør vurderast å legge småbåthamn i vest inn mot Lestovika, og naust i søraust i Havavika. Arealet må regulerast og avgrensast slik at dagens naturlege hamn ved Lesto ikkje blir øydelagt. Vidare må ein ta omsyn til at Lesto er eit viktig og markert landskapelement.

Konklusjon:

Både Berstad og Lesto – Eide kan vere aktuelle områder som stettar krava frå Kystverket og Selje kommune sitt behov for nye areal og etablering av nye verksemdar.

Det er ikkje stor skilnad i KU i høve miljø, samfunn og ROS. Begge områda må undersøkjast i høve skredfare.

Berstad vert vurdert som best eigna til framtidretta satsing innanfor sjømatnæring.

Området er spesielt godt eigna til landbasert oppdrett/smoltanlegg på grunn av nærleik til Berstad vatnet. Det er god tilgang til vatn og området ligger strategisk til, nær skipsleia. Det kan vere eigna til massedepot. Det har areal i bakkant.

Berstadområdet vert tilrådd som utbyggingsområdet og masseplassering frå Stad skipstunnel. Dersom vidare undersøkingar, grunnforhold etc., ikkje stettar krava, vil ein gå vidare og vurdere Lesto – Eide som alternativ 2.

3. Leikanger, fleirbrukshamn

I KU får miljø med unnatak av landskap (-2), verdiar som ligg mellom 0 og +1, som er samanfallande med lite til middels positivt omfang. På samfunn får ein positive verdiar.

ROS analysen viser gult på naturrisiko. I dette tilfelle pga fare for stormflo og havnivåstigning.



Tilaket er i tråd med kommunens strategi om styrking av Leikanger som tettstad. Bygda har i dag er i positiv utvikling med vekst i folketalet.


mfanget av tiltaket synes likevel stort, og særleg i dette flate og opne, spreiddbygde landbruks- og fjordlandskapet. Det kan bli ein dominerande skala i forhold til den lavmelte bebyggelsen på landtunga innforbi fyllingsområdet. Ei utfylling av området under eitt slik at store deler står heilt eller delvis planert og ubebygd over år, vil kunne bli uhelding estetisk og miljømessigsett.

Omfanget av utfyllinga må vurderast både i lengde langs land og ut i sjøen. Utfyllinga bør kortast inn i breidde og formast som ein T, med ny småbåthamn innanfor. Det må og vurderast om kaia kan trekkast meir ut mot sentrum.

Nedre Sjøstad har i dag gjeldande reguleringsplan for utfylling i sjø. Dersom det er nødvendig pga av tidspress, bør ein vudere reguleringsendring av denne for å kunne ta i mot tunnelmasser som mellombels deponi. Denne reguleringsplanen må vidare knytast saman med ny plan for tenkt fleirbrukshamn.

4. Næringspark, industriområde Stokkevåg

I KU får Miljø i dette prosjektet med unnatak av landskap -1 som er samanfallande med lite til middels negativt omfang. Landskap får -2 (middels negativt)



Dette er knytta til forringa natur i eit flott område.

KU viser utfordringar i høve tema samfunn, der det m.a manglar dokumentert behov for såpass stort industri/

næringsområde i spreiddbygd område utan anna verksemd og tenester.
KU «tilrår» ikkje tiltaket.


Sett i samanheng med Kystverket sine krav i høve transportlengd, kan området likevel vere interessant å vurdere noko meir. Vi vel då utsetje endeleg tilråding på prosjektet, til dette er utført. Dersom ein skal gå vidare med prosjektet må arealet reduserast og ikkje gå på bekostning av fleirbrukshamna på Stadlandet.

5. Flatraket næringsområde



Framlegg frå folkemøte om utviding av eksisterande industriområde (område A) er delvis i samsvar med gjeldande plan for Flatraket (2000). Innteikna omriss på kart (J5) frå folkemøte viser at ein ønskjer fylling lengre ut i sjø enn det gjeldande plan opnar for. Ein kan ikkje på overornda nivå sjå at det er særskilde grunnar i forhold marinbiologisk mangfald/artar eller viktige naturtypar som gjev grunnlag for å ikkje tillate dette. Området er del av lokalt viktig friluftsområde, men ein vurderer ikkje ønska utviding av føremål som større belastning på rekreasjonssinteresser enn tiltak eksisterande plan opnar for. Grunna eksisterande plan er frå 2000, er det sett nytt reguleringsplankrav for området.

6. Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien



Ei større utvinding av industriområdet mot aust med Klubbeneset og Djupvika blir ikkje imøtekom. Grunngevinga er at det ligg fleire automatisk freda kulturminner på Klubbeholmen. Holmen er eit markant landskapelement som bør ivaretakast. Det er heller ikkje lagt fram konkrete planar for arealet som grunngir behovet.

For etablert verksemd blir det opna for ei utfylling nordover med ca 15 meter frå dagens kai. Det blir opna for utfylling mot vest, i samsvar med justert kailinje. Arealet blir lagt inn som industriområde. Det må gjerast nærare undersøkingar i forhold til skredfare.

7. Eide, gbnn 65/1

Denne eiegenommen vert sterkt råka av tunnelinnslaget. Eigar ynskjer erstatningsareal for tapt jordareal ,etablert ved utfylling i sjø knytta til sin eiegenom. Dersom Lesto – Eide vert valt som utfyllingsområde, er det naturleg at ein i reguleringsarbeidet ser på heile området inkl 65/1.

Når det gjeld 65/1 er det uansett ei sak mellom eigar og Kystverket, men i nært samarbeid med kommunen.

8. Andre utfyllingar der det er ynskje om overskotsmasser frå tunnelen

Viser her til vedlegg i denne saka. Desse områda vert omtala i kommande arealdel.

9. R 620 Sandvik –Kjøde

Det er mange forslag om å realisere FV 620 i samband med bygging av skipstunnelen. Dette for å kunne nytte overskotsmasse frå skipstunnelen til vegbygging. Her må ein administrativt og ikkje minst politisk komme i dialog med Fylkeskommunen, der ein kan drøfte ulike modeller for gjennomføring og komme inn på prioriteringslista. Det er m.a forslag om forskottering av reguleringsplan.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret gjer vedtak om at admistrasjonen arbeider vidare aktuelle prosjekt for masseplassering, slik at kommunen stettar krava til Kystverket. Førearbeidet med dette blir ein del av reguleringsarbeidet på dei prosjekta som vert endeleg valt i samråd med Kystverket. Valde prosjekt vert ein del av innspela til kommuneplanen sin arealdel.

Aktuelle prosjekt er :

- 1) Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal , småbåthamn i samband med skipstunnelen
- 2) Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ 2a.
- 3) Leikanger, fleirbrukshamn
- 5) Flatraket næringsområde
- 6) Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien

Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg, vert å vurdere seinare, jfr omtale i saksutgreiinga.

Det vert oppmoda om å komme i dialog med Fylkeskommunen.vedk. FV 620 Sandvik – Kjøde, jfr. pkt.9)

Handsaming i Formannskapet - 17.03.2016

7 voterande

Framlegg frå SP:

Som fyrste avsnitt i tilråding.

(Kommunestyret gjer vedtak...kommuneplanen sin arealdel.)

Prioriterte prosjekt:

- 1.Leikanger, fleirbrukshamn.
- 2.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal , småbåthamn i samband med skipstunnelen
- 3.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien
- 4.Flatraket næringsområde
- 5.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ 2a.
- 6.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg, vert å vurdere seinare, jfr omtale i saksutgreiinga.

Som siste avsnitt i tilrådinga.

(Det vert oppmoda om å komme i dialog med Fylkeskommunen.vedk. FV 620 Sandvik – Kjøde, jfr. pkt.9.)

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen. - fyrste avsnitt:

(Kommunestyret gjer vedtak...kommuneplanen sin arealdel.)

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

Tilråding frå administrasjonen – Prioriterte prosjekt fekk 0 røyster for.

Framlegg frå SP – Prioriterte prosjekt fekk 7 røyster for.

Tilråding frå administrasjonen – siste avsnitt:

(Det vert oppmoda om å komme i dialog med Fylkeskommunen.vedk. FV 620 Sandvik – Kjøde, jfr. pkt.9.)

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-017/16 FRAMLEGG

Kommunestyret gjer vedtak om at admistrasjonen arbeider vidare aktuelle prosjekt for masseplassering, slik at kommunen stettar krava til Kystverket. Førearbeidet med dette blir ein del av reguleringsarbeidet på dei prosjekta som vert endeleg valt i samråd med Kystverket.

Valde prosjekt vert ein del av innspela til kommuneplanen sin arealdel.

Prioriterte prosjekt:

- 1.Leikanger, fleirbrukshamn.
- 2.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal , småbåthamn i samband med skipstunnelen
- 3.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien
- 4.Flatraket næringsområde
- 5.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ 2a.
- 6.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg, vert å vurdere seinare, jfr omtale i saksutgreiinga.

Det vert oppmoda om å komme i dialog med Fylkeskommunen.vedk. FV 620 Sandvik – Kjøde, jfr. pkt.9.

Samrøystes.

Orientering frå sakshandsamar 21.03.16 – til handsaming i Kommunestyret 31.03.16:
Sjå kart og bilde i vedlegget «Utkast til KU-utgreiing masseplassering.

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

17 voterande

Framlegg frå SP v/Gunn Sande:

Som framlegg frå Formannskapet men med endring i avsnittet Prioriterte prosjekt, Pkt. 5 og 6 slik:

- 5.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ Lesto.
- 6.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg.

Framlegg frå FRP:

Som framlegg frå Formannskapet, men med fylgjande endring i avsnitt Prioriterte prosjekt:

- 1.Leikanger, fleirbrukshamn.
- 2.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ Lesto
- 3.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg, vert å vurdere seinare, jfr omtale i saksutgreiinga.
- 4.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien
- 5.Flatraket næringsområde
- 6.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal , småbåthamn i samband med skipstunnelen

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet, fyrste og siste avsnitt fekk 17 røyster for. Samrøystes

Framlegg frå Formannskapet, avsnitt Prioriterte prosjekt fekk 0 røyster for.

Framlegg frå SP v/Gunn Sande, fekk fekk 1 røyst for og 16 røyster mot.

Framlegg frå FRP fekk 16 røyster for og 1 mot.

KS-012/16 VEDTAK

Kommunestyret gjer vedtak om at admistrasjonen arbeider vidare aktuelle prosjekt for masseplassering, slik at kommunen stettar krava til Kystverket. Førearbeidet med dette blir ein del av reguleringsarbeidet på dei prosjekta som vert endeleg valt i samråd med Kystverket. Valde prosjekt vert ein del av innspela til kommuneplanen sin arealdel.

Prioriterte prosjekt:

1.Leikanger, fleirbrukshamn.

2.Berstad, næring og /landbasert oppdrett, alternativ Lesto.

3.Prosjekt 4, Næringspark, industriområde Stokkevåg, vert å vurdere seinare, jfr omtale i saksutgreiinga.

4.Moldefjorden, næringsområde fiskeindustrien

5.Flatraket næringsområde

6.Selje, Krakereid – Hammersvik: Ny kai, hurtigbåtterminal , småbåthamn i samband med skipstunnelen

Det vert oppmoda om å komme i dialog med Fylkeskommunen.vedk. FV 620 Sandvik – Kjøde, jfr. pkt.9.

Utskrift til:

Bedriftsforeningane Stad og Selje

Kystverket



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	31.03.2016	013/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Stein Robert Osdal	FA-Q64	15/75

Visualisering av prosjektet - Massene frå Stad Skipstunnel

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
38	I	05.04.2016	Bjarne Myrstad / Olav Lesto	Mange blir hardt råka av skipstunnel

Opplysningar til saka

Handsaming i Kommunestyret - 31.03.2016

16 voterande

Sak 013/16 Visualisering av prosjektet – Massene frå Stad Skipstunnel vart vedteke å handsame som tilleggsak av Kommunestyret 31.03.16..

Framlegget om tilleggsak kom frå FRP v/Anfinn Sjøstad og med fylgjande bakgrunn:

«Med bakgrunn i vedtak i kommunestyret 16.11.2015 om opprettelse av Synergiutvalet, har utvalet jobbet den siste tiden med å jobbe frem flere prosjekter for bruk av massen fra Stadt Skipstunnel. Prosjektene ble presentert for formannskapet den 28.02.2016 der det ble gitt tilslutningen fra formannskapet om å ta prosjektene videre med Kystverket.

I følge kystverket er det veldig viktig å ha med i presentasjonene som legges frem for Kystverket senest 15. april 2016:

Kriterier for valg av deponi for tunnelmasser:

- Illustrasjon/kart over aktuelle område
- Hva skal arealet brukes til ?
- Er arealet regulert ?
- Hvis ikke, avklart i kommuneplan ?
- Når kan ev. arealet være ferdig regulert ?
- Volum masser som trengs (masseberegning) ?

- Kan massene dumpes direkte fra lekter ?
- Lokalisering (avstand)
- Kartlegge fremtidige arbeidsplasser (samfunnsnytte)

For å jobbe frem presentasjonene for de aktuelle prosjektene trengersynergigruppen finansiering til dette arbeidet, prosjektene skal legges frem for kommunestyre for endelig vedtak den 31. mars og Kystverket skal ha de i hende senest 15 april 2016. Det er viktig å få dokumentert prosjektene på en god måte slik at både kommunestyre og Kystverket har god info når beslutningene skal fattes.

Finansieringsbehov (budsjett)

Illustrasjoner/kart (se vedlagt tilbud)	kr. 95.000,-
Underlag samfunnsnytte	kr. 15.000,-
<u>Reise</u>	<u>kr. 5.000,-</u>
Totalt ex mva.	kr. 115.000,-

Framlegg frå FRP og TP:

Finansiering av Synergiutval

1. Selje Formannskap bevilger inntil kr. 115.000,- til synergiutvalet, dette finansieres av overskuddet for Selje kommune i 2015.
2. Etter arbeidet i henhold til budsjettet er utført, legger synergiutvalet frem prosjektrekneskap for Formannskapet.
3. Utbetalingen skjer ved fremlegging av faktura eller annen relevant dokumentasjon.

Framlegget frå FRP og TP vart trekt før avrøysting.

Framlegg frå ordførar:

Selje kommune utarbeider visualisering av valgte prosjekt når prosjekta er avklarte/godkjende av Kystverket.

Framlegg frå SP, FRP og H:

Kommunestyret prioriterer å visualisere følgjande prosjekt:

Leikanger	kr. 20.000,-
Berstad	kr. 25.000,-
<u>Div.</u>	<u>kr. 15.000,-</u>
	kr. 60.000,-

Finansiert over kto..... plan og næring.

Synergiutvalet arbeider fram dei 3 fyrste prosjekta og leverer prosjekta til administrasjonen. innan 12. april for at kommunen skal kvalitetssikre og forankre det kommunen ville gjort om det var dei som utførte arbeidet før kommunen overleverer dokumenta til Kystverket innan 15. april.

Administrasjonen organiserer møte med grunneigarar.

Røysting:

Framlegg frå ordførar fekk 3 røyster for og 13 mot.

Framlegg frå SP, FRP og H fekk 13 røyster for og 3 mot

KS-013/16 VEDTAK

Kommunestyret prioriterer å visualisere følgjande prosjekt:

Leikanger kr. 20.000,-

Berstad kr. 25.000,-

Div. kr. 15.000,-

kr. 60.000,-

Finansiert over kto..... plan og næring.

Synergiutvalet arbeider fram dei 3 fyrste prosjekta og leverer prosjekta til administrasjonen. innan 12. april for at kommunen skal kvalitetssikre og forankre det kommunen ville gjort om det var dei som utførte arbeidet før kommunen overleverer dokumenta til Kystverket innan 15. april.

Administrasjonen organiserer møte med grunneigarar.

Utskrift til:

Synergigruppa v/leiar

